

## Referat frå styremøtet 21.11. 2008

**Stad:** Videokonferanse, Sogndal, Leikanger, Førde.

### Deltakarar

Atle Hamar  
Geir Grime  
Anne Karin Hamre  
Anne Margrethe Alværn  
Ivar Petter Grøtte  
Stig Starheim  
Øyvind Heimset Larsen  
Ynge Hallen  
Bjørn Normann Sørensen

Forfall:

Liv Bodil Baug

Møteleiar: Atle Hamar

Referent: Øyvind Heimset Larsen / Ivar Petter Grøtte

### **Sak 1. Møtereferat**

*Refereratet er godkjendt.*

### **Sak 2. IT-forumkonferansen med diverse oppfølgingar**

Geir orienterte om innspel frå programkomiteen.

Innspel koordinert av Geir på:

- Tidlegare marknadsføring.
- Beliggenheit
- Tal dagar- reduser til lunsj til lunsj.

Dag 1 hadde 230 deltakarar, Dag 2 berre 150. Forskjellen er i hovedak deltaking på skuleklassar.

Hovudpunkt i drøftinga:

- Odd-Bjørn Hjelmeseth får toppskore i evalueringa. Vi bør ha to-fire store namn, og elles meir workshoppreg på innlegga.
- Stort arbeid med å få så mange foredragshaldarar som i år
- Innholdsmessig var konferansen bra. Gode, interessante faglege innhald. Ikkje so mange veit kor bra det er før dei har vore det. Konferansemarknaden har blitt veldig fokusert på fyrårn.
- Aktuelt å ha litt meir IT-fagleg spissing på nokre innlegg. (Minikurs win2008 eller sharepoint er nenmt av teknisk personale).
- Vi må bli flinkare til å marknadsføre konferansen tidleg. Vi må ha hovudpunkt i programmet klart tidlegare. Nye deltakarar må kontaktast før sommarferien. Det vart sendt ut ein til gamle deltakarar før ferien.
- Varierande møteleiing på parallellsesjonar øydela delvis for hovudsjesjonar.
- Vi må ta betre vare på eksterne foredragshaldarar. Ein måtte skaffe leigebil sjølv frå Sandane då hotellet hadde gløymt å senda hotellbussen.

- Vi kan komprimere konferansen meir. Gjerne til lunsj til lunsj. Vi må nytte møteplassar betre under konferansen. Heller få, tunge innslag.
- Diskusjon om lokalisering. Semje om å prøve ny plassering. Mogeleg at Alexandra hotell har tatt oss for sjølvst. Til tross for lokaliseringa i Loen har rekrutteringa frå Nordfjord vore dårleg. Alternativa er Skei og Førde. Skei Hiottell vart vald.
- Ein effekt av it-forumkonferansen er at omverda blir minna om at vi finst. NRK og andre media har fleire gonger i etterkant av konferansen teke kontakt for kommentarar til aktuelle tema.

#### Oppsummert:

- Bytter hotell til Skei hotell
- Komprimere konferansen. Lunsj til lunsj eller ein heil dag med middag.
- Målgruppeorienterte programbolkar. Meir workshops.
- Vurdere å justere namnet. IT-forum kan vere for smalt om målet er 200-300 delt, kanskje Teknologikonferansen 2009.
- Tidlegare marknadsføring
- Mulege "store namn": Marit Breivik. Ho er ein god leiar som ikkje har vore eksponert i fylket.
- Dato onsdag 23. – torsdag 24. september

#### Ny programkomitee:

Yngve Hallen blir leiar av ny programkomitee. I tillegg kom det forslag om deltaking frå sekretariatet VF, Anne Margrete Alværn og Reiel i Sparebanken Sogn og Fjordane.

### Sak 3. Status studietur Brussel-Lyon

Revidert reiseplan var utdelt og gjennomgått.

God deltaking. Det er no 12 påmelde.

Atle og Stig frå Lotteritilsynet.

Geir Grime, Sparebanken S&Fj

Oddvar Flæthe kjem på i Brussel.

Bjørn Sørensen, Fylkeskommunen.

Sture Førre- Skulegruppa

Grete Nettland- HiSF

Jostein Fondenes- DIFI

Agnes Landstad, Vestlandsforskning

Anne Margrete Alværn, Alværn kommunikasjon

Øyvind Heimst Larsen og Ivar Petter Grøtte, VF

### Sak 4. Strategiarbeid, organisering og tidsplan.

I det nye EU-prosjektet DARRA, som er eit samarbeid med Finland, Sverige og Irland inngår ein foresight-studie der dei deltakande regionane skal utarbeide visjonar for IT & regional utvikling fram til 2020. Arbeidet fell saman med revidering av strategi for IT-forum fram til årsmøtet. Arbeidet kna gjennomflørast med ei dagsamling med innspel, gruppearbeid, førebles mål og strategiar, vidare bearbeiding etter møtet og so vidare oppfølging på årsmøtet.

Tid og deltakarar: Tida er knapp før jul. Januar passar betre. Veke 2 eller 3. I tillegg til styret bør me prøva å få eksterne deltakar frå Difi, Innovasjon Norge, Lerum og Skatteetaten.

### Sak 5. Fornyng av søknad om midlar for 2009

Vi må søkje Fylkeskommunen å få 50' meir enn i fjor, dvs kr 550.000.

### Sak 6. Møtedatoar fram til årsmøtet.

Kombinere neste styremøte med januarsamling. Veke 3: Onsdag 14. Heildagssamling

---

Nytt møte i februar: Vidomøte 11.februar kl 0900-1100  
Årsmøte og Representantskapsmøte onsdag 11. mars

### **Sak 7. Eventuelt**

Videokonferansemøta våre har hatt for mange tekniske problem.  
Teknisk gruppe må ta tak i dette slik som tidlegare lova. Studioa må "sertifiserast".